

Utvikling

På austlandet går det framover mot duna kart-stadiet i dei tidleg blømande eplesortane, medan det framleis er full blom på dei siste knoppene på årsskot. Plommene er i starten av kartfall og ein ser kva som blir igjen etter blomstringen. I vest ligg utviklinga litt bak. Framleis er det vanskeleg å seie kor vellukka fruktsetjinga blir, men var det rikeleg med blom er utsiktene gode. Det blir nok tynningsarbeid.

Gjødsling og vatning

Gjødselvatning med godkjent gjødselmiddel er også ein moglegheit. Økologisk gjødsel brukar lang tid på å bli plantetilgjengeleg, så ikkje overdriv gjødslinga. Ta kontakt med rådgivar i NLR.

Vatning på austlandet og delar av vestlandet må følgjast opp. Spesielt viktig i nyplantingar og yngre tre som har lite rotsystem endå. Det går fort med 1 - 2 liter pr tre om dagen om det tørre været fortsett. For pærer kan behovet være det dobbelte.

Ugras


No har trea fått fred frå ugrasfresing, slik at ein kan ta til med fresing igjen. Om ugraset har fått etablert seg godt i kvileperioden, er det behov for fleire fresingar.

Kjernefrukt

Insektsbekjemping blir viktig i tillegg til å halde kontroll på epleskurven. Epleskurv ser ut til å bli fråværande på austlandet om det ikkje blir endring i været. Det har vore lange tørre periodar. På vestlandet derimot, der det har vore meir regn og fuktigheit, skal ein passe på å ha god dekning for epleskurv. Oppblomstring av mjøldogg er ein konsekvens av tørt vårvær. Bortklipping av mjøldoggtoppar og sprøyting med Thiovit Jet før ein får utvikla toppene er ein moglegheit.

Insektbekjemping

Epleviklaren starta å sverme i slutten av mai på austlandet, medan den framleis held seg i ro på vestlandet. Truleg vil feromonforvirring være eit godt tiltak i økologiske felt, men har ein erfaringmessig hatt mykje skade av epleviklar, så skal det sprøytast med Madex Top i tillegg. Sprøytinga skal skje ved start av eggklekking og på topp av eggklekkinga. Dette betyr at for austlandet skal ein ta første sprøyting uti neste veke og den andre sprøytinga kring 10 dagar etterpå. Bruk 5 ml/daa Madex Top i første sprøyting. Så full dose på 10 ml/daa Madex Top i neste sprøyting.



Bilete 1: skjermdump fra VIPS. De ulike søylene viser voksne, egglegging og larveklekking. Sprøyting må skje før alt for mange epleviklerlarver har gått inn i eplekerten. For Lier betyr det sprøyting rundt 15. juni.

Madex Top



Dose: 5-10 ml/daa

Tidspunkt: når larvene klekker, før de går i fruktene

Behandlingsfrist: 0 dager

Avstand til vann: Ingen krav

Dispensasjon.

Tillattbrukt og lagret i perioden 1. mai 2023 28. august 2023.

Mot eplevikler i eple og pære

Kan brukes i økologisk produksjon

Viktig info:

Utsprøyting tidlig på kvelden i oppholdsvær.

Størst dose ved eggklekking.

Følg med på RIMpro Cydia eller lokal varsling. Gjenta behandling ved behov.

Intervall på 6-8 dager med sol. Maks 10 ganger pr år.

Blanding andre midler går greit om pH er 6 - 8.



Bankeprøve

Ta bankeprøve om dette ikkje alt er gjort, 3 slag på 33 greiner. Sjå spesielt etter larver, men også nyttedyr som mariehøner, gulløye og rovteger kan være greit å få oversikt over.



Bølgefly er svært glupsk og lite ønska å finne i bankeprøve.



Frostmålar kan også ha kraftige angrepsår og gnage trea fullstendig reine for avling.



Mariehøner er gode nyttedyr og finst i mange variantar

Tiltak:

Turex 50 WG er eit biologisk insektmiddel basert på sporar frå bakterien *Bacillus thuringiensis spp. aizawai*. Middelet må berre sprøytast ut når sollyset ikkje treff trea. Så sprøyting på kveld eller overskyda dag er nødvendig, sidan UV-lys øydelegg bakterien. Larvene må eta i seg tilstrekkeleg med bakterier, så larveaktiviteten må være høg for å oppnå god effekt. Temperaturen har mindre å seie.

Isomate CLS Plus er eit feromonprodukt i eingangsdispenserar som hengast opp i trea. Feromona bør være oppe seinast ved avblomstring, men gjerne tidlegare.

Madex Top er eit virus (*Cydia pomonella granulovirus*) som verkar ved at epleviklar-larvene kjem i nærkontakt med behandla materiale. Sprøytetidspunkt og dosering skal tilpassast eggklekkings-kurven i RIMPro-varsling for epleviklar. Viktig å oppbevare middelet kjølig, helst i fryseboks.

Bladlus

Lummert og litt fuktig vær som det kan være i enkelte dyrkingsområder, er ideelt for oppblomstring av lus. Kontroller difor felte nøye for raud- og grønn eplebladlus.

Særskilt nyplanta, unge felt er viktig å kontrollera då desse kan få stor skade om luseplage kjem ut av kontroll. Mykje maur i feltet er eit teikn på at det også kan vere mykje bladlus.

Skadeterskel kan være:

Homoptera	Eplebladgallelus																	200 kortskudd 100 trær	5-10 kolonier 5-10% angrepne t.
	Eplegraslus																	100 kortskudd	80 kolonier
	Grønn eplebladlus																	100 kortskudd 100 langskudd	10 kolonier 10-15% angrep
	Rød eplebladlus																	100 kortskudd 100 langskudd	1-2 kolonier 10-12% angrep
	Vanlig pæresuger																	100 greiner 100 kortskudd 100 langskudd	150-250 voksne 30-50% forekomst 30-60% forekomst
	Kommaskjoldlus																	H: 1000 frukter Greinprover	30-50 skjoldlus/2 m

I plomme kan også lus m.a. mjøla plommebladlus vera problem. Les meir om skadegjerarane her: <https://www.plantevernleksikonet.no//oppslag/808/>

Olje/såpe har liten effekt på vaksne individ, men Natria som punktsprøyting (dvs. kun sprøyting på lusetoppene) kan vera aktuelt om ein oppdagar angrep tidleg. Sjekk Plantevernplanen for dosering etc.


I pære ser me no ein del pæresugarar i felt. Les meir om skadegjeraren her:

<https://www.plantevernleksikonet.no//oppslag/945/>

I økologisk drift er det kun blanding av bittersalt/ (NB! Plantebasert) Aminsol me evt. har lov til å nytta mot denne jfr. plantevernplanen s 26.

Talking RIMpro-varsel for epleskurv

RIMpro er eit kombinert varslings- og simuleringsprogram for m.a. epleskurv. Følg med på [Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb \(vips-landbruk.no\)](http://Varslingsmodeller og skadeterskler - VIPSWeb (vips-landbruk.no)).



Bilete 2: for Vestlandet er skurv viktig å bekjempe i år. Det siste viktige infeksjonen var 26. mai i Ullensvang.

Titak mot epleskurv:

- ✓ Thiovit Jet; 300-450 g/daa. Bland inn 15 g/daa Nordox 75 WG fram til tett klyngje.
- ✓ Bakepulver; 750 g/daa. Brukast etter skurvinfeksjon, men før infeksjonen rekk å vekse inn i blada. Tida dette tek vil varier med temperaturen, men ofte er det for seint etter 30 timar.
- ✓ Natron; 500 g/daa. Kan oppstå sviskadar på dunakart og om det tørkar seint opp.

Mjøldogg

Klypp bort infiserte skott.

Bladmidd

Svovel (Thiovit Jet) tek også bladmidd om det er over 12 grader ved sprøyting. Gjenta sprøytinga etter 5 - 10 dagar.